

Innkalling til Årsmøte i Varhaugbuen for 2019

Måndag 18. mai 2020

Eigarlaga:

- Varhaug Bedriftsforening
- Varhaug Bondelag
- Varhaug Bygdekvinneleg
- Varhaug Bygdeungdomslag
- Svala 4H
- Varhaug Misjonshus
- Varhaug Skulemusikkorps
- Vennelaget for Lerbrekk Skule
- Elgane Motorsykelklubb
- DNT Edru Livsstil
- Vennelaget for lensmannsløa
- Varhaug Pensjonistlag

vert med dette kalla inn til

Årsmøte i Varhaugbuen måndag 18. mai 2020 kl 19.00 (endra pga Corona) på Varhaug misjonshus

Kvar organisasjon har høve til å møta med 1 representant med røysterett, men møtet er sjølvsgatt ope for interesserte observatørar (utan røysterett). Bladet vert distribuert på dugnad, og dei som deler ut bladet vert invitert til å vere med på årsmøtet (utan røysterett)

Organisasjonane nedanfor vert inviterte til å delta på årsmøtet som observatørar. For å verta medeigar av Varhaugbuen, må laget betala eit eingongsbeløp på 1000kroner.

- Varhaug Idrettslag
- Auestad skulehus
- Ueland Forsamlingshus
- Fotoklubben
- Varhaug sykkelklubb
- Hå Karateklubb
- Hå pistolklubb
- Hå skytterlag

Sakliste

1. Godkjenning av innkalling og sakliste
2. Val av møteleiar og referent
3. Val av to til å underteikne møteboka saman med møteleiaren
4. Årsmeldinga for bladet
5. Rekneskap for bladet
6. Innkomne saker
7. Val av styre
 - A. Ole Kristian Ødegård BU - på val
 - B. Eli Aanestad Bygdekvinneleg - ikkje på val
 - C. Jon Harald Håland VBF - på val
 - D. Brit Obrestad Vennelaget Lerbrekk skule. - ikkje på val
 - E. Per-Arvid Jakobsen Misjonshuset - på val(1 av representantane skal veljast til leiar. Styret konstituerer seg sjølv)
8. Val av 1. varamann: Astrid Skretting Vennelaget for Lensmannsløa - på val
Val av 2. varamann: Ingvar Reiestad Vennelaget Lerbrekk skule - på val
9. Val av revisorar : Rune Odland og Irene Hobberstad - på val

Valperiode er 2 år for styremedlemer, 1 år for revisor og varamedlemer.

Vel møtt! Det vert enkel servering, Foredrag v/Oddbjørn Lerbrekk, Han var 25 år og ombord då Alexander Kiellandplattforma forliste i Nordsjøen i 1980

Helsing styret for Varhaugbuen

ÅRSMELDING 2019

Varhaugbuen kom som planlagt ut 4 gonger i løpet av året. Ein trykkjer 1900 eks. kvar gong, kostnad for trykking ligg i snitt på kr 30000, alle utgåvene har vore på 40 sider, det har vært mykje stoff.

Me prøver å ha eit variert innhald og ikkje meir annonse enn naudsynt for å dekkja trykkekostnadane.

Økonomien er god og stabil. I 2019 gjekk bladet med eit overskot på ca kr 39400. Resultatet er litt varierende frå år til år, avhengig av om alle annonsørane har betalt før nyttår eller etterpå, og om det er nokre særskilde tiltak iverksatt. Me har stadig fleire abonnentar, litt kjem frå grasrotandelen og mange er rause med betalinga av gåvegiroen.

Og tilbakemelding på bladet har vore særst god, mange er fulle av lovord om korleis det allsidige livet på Varhaug vert presentert,- både dei friviljuge organisasjonar, forretningane og det som skjer på løa. Fast innslag i bladet har vore innlegg frå Sjur Håland. Også dette året mykje stoff om eldre hendingar. Men også ferske nyheiter ,- og alltid med eit godt og humoristisk språk.

Det er halde 5 styremøter og handsama 32 saker i løpet av året.

Me har ikkje hatt dei store sakene dette året. Resultatet av gruppearbeidet me hadde i forfjor er bearbeidd og vert nytta som idear framover i samarbeid med Varhaug bedriftsforeining..

Redaktøren gjer eit stort og godt arbeid og er ein viktig person for Varhaugbuen, og Liv har fått litt godtgjersle for arbeid og kjøring dette året óg. Det tykkjer me ho fortener. Det er godt frammøte på styre-/redaksjonsmøtene og god stabilitet i styret.

Styret i 2019 har vore;

Leiar:	Jon Harald Håland	VBF
Nestleiar:	Eli Aanestad	Bygdekvinnelaget
Kasserar:	Brit Obrestad	Vennelaget Lerbrekk skule
Sekretær:	Per-Arvid Jakobsen	Varhaug Misjonshus
Styremedlem	Ole Kristian Ødegård	Bygdeungdomslaget
1.vara:	Astrid Skretting	Vennelaget for Lensmannsløa
2.vara:	Ingvar Reiestad	Vennelaget Lerbrekk skule

Leiar Jon Harald Håland

Rekneskap 2019 for Varhaugbuen			
INNTEKTER	2019		2018
Salgsinntekter annonser	kr	160 500,00	kr 121 500,00
Abbonement og gaver	kr	25 300,00	kr 23 000,00
Sum salgsinntekter	kr	185 800,00	kr 144 500,00
Tippemidler grasrotandelen	kr	5 457,00	kr 3 873,00
Anna inntekt	kr	1 000,00	
Sum inntekter	kr	192 257,00	kr 148 373,00
UTGIFTER			
Trykking av Varhaugbuen	kr	121 924,00	kr 107 216,00
Honorar Liv Hobberstad	kr	8 000,00	kr 8 000,00
Gaver	kr	10 600,00	
Kontorrekvisita	kr	578,00	kr 249,00
Data/EDB- kostnad	kr	1 500,00	kr 750,00
Møte o.l. (mat m.m)	kr	1 205,00	kr 1 754,00
Porto	kr	8 751,00	kr 7 503,00
Reklamekostnad	kr	1 048,00	kr 1 049,00
Sum driftskostnader	kr	153 606,00	kr 126 521,00
Driftsresultat	kr	38 651,00	kr 21 852,00
Renteinntekt	kr	772,00	kr 256,00
Rentekostnad			
RESULTAT	kr	39 423,00	kr 22 108,00
BALANSE			
		31.12.2019	01.01.2019
Kundefordringer	kr	3 000,00	
Påløpt rente, ikke bokført	kr	3,00	kr 3,00
Bankinnskudd, kontanter	kr	145 164,00	kr 108 741,00
Sum eiendeler, egenkapital	kr	148 167,00	kr 108 744,00
Varhaugbuen eig 1 sau og 1 føl i stein som har stått utanfor rådhuset			

Til

Årsmøtet i «Varhaugbuen»


Revisjonsberetning

Vi har revidert årsregnskapet for «Varhaugbuen» for driftsåret 2019. Dette viser et overskudd på kr. 39 423,00. Eiendeler består av fordring og innestående på bankkonto 31.12.19 på kr. 148.167,-.

Vi har gjennomført revisjonen i henhold til gjeldende lov og forskrift som er relevant for denne type virksomhet.

Etter vår mening kan Årsmøtet godkjenne fremlagt regnskap som består av resultatregnskap og balanse som «Varhaugbuen's» regnskap for 2019

Varhaug, 26-01-2020


Rune Odland


Irene Hobberstad

LITT OM BAKGRUNNEN FOR VARHAUGBUEN

Eigarlaga er ulike i storleik og aktivitetar, noko som gjev ei spennvidde på bladet som me trur er positivt

Eigarandelen fordeler seg slik:

Varhaug Bondelag, Varhaug Bygdekvinnelag. Varhaug Bu og Svala 4H	kr 15.500
Varhaug Bedriftsforening	kr 15.500
Varhaug Misjonshus	kr 1.000
Varhaug Fråhaldslag (som no er DNT Edru Livsstil)	kr 1.000
Varhaug Bridgeklubb (som no er nedlagd)	kr 1.000
Varhaug Skulemusikkorps	kr 1.000
Vennelaget for Lerbrekk skule	kr 1.000
Elgane Motorsykelklubb	kr. 1.000
Vennelaget for lensmannsløa (ny andelseigar frå august 2017)	kr. 1.000
Varhaug pensjonistlag (ny andelseigar frå august 2019)	kr. 1.000

Me har alle same mål; å skapa eit blad som verkar samlande på varhaugbuar og er med på å skapa identitet til bygda, gjennom å synleggjera kva som finst av aktivitetar og tilbod, bedrifter og organisasjonar i Varhaug. Sjølv sagt ynskjer me at fleire organisasjonar òg vil vera med i bladet framover, for der mange tenkjer ulikt, der tenkjer ein nytt!!

Oppgåvene til styret er å:

- Fastleggja antal nummer av "Varhaugbuen" pr. år
- Skaffa folk til redaksjonen og ta ansvar for denne
- Leggja forholda til rette, slik at redaksjonen kan gjera ein god jobb
- Halda økonomisk oversikt over bladet og skaffa til vege nok pengar til å kunna gje ut det fastlagte antalet "varhaugbuar" i året.

Målet for styret har vore å gje ut 4 nummer av bladet kvart år. Folk på Varhaug skal få eit blad som er gildt å lesa og godt å sjå i, det skal fenga alle, anten dei er 7 eller 90 år. Bladet skal ha ei innhaldsmessig spennvidd og ha nok fargebilete til å gleda lesaren.

Liv Hobberstad er redaktør for bladet og møter på styremøtene. Bladet vert trykt på Jærprint. Når bladet skal distribuerast til alle husstandane i Varhaug, er det redaksjonen, styret og venene deira som trør til og køyrer/går kvar sine ruter. På denne måten får me minimale portoutgifter, og kan halda ein høgare kvalitet til lågare pris. Er bladet over 100 gr kostar det no 42 kr å senda bladet. Og med dei ca 1500 husstandane i Varhaug ser ein at me sparar cirka 50.000 kr per blad på denne måten.

Økonomisk er målet vårt at bladet skal finansiera seg sjølv, og dei 4 nummera av Varhaugbuen har vorte finansierte med annonsar frå velvillige bedrifter i bygda vår. Leiaren i styret har hatt ansvaret for sal av annonsar, slik at redaktøren har kunna konsentrera seg om det redaksjonelle. Dei andre medlemene i styret prøver å bidra med innslag til bladet.